

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 8/2007

Møtedato: 17.1.07

Arkiv nr:

Søknad om tilskot frå grunneigarfondet – områdetiltaket "Heime og på støle"

Styret for områdetiltaket "Heime og på støle" søker om kr 225.000 i tilskot til følgjande tre tiltak:

1. Kartlegging av stølsdrifta – søknadsbeløp kr 100.000

Styret ynskjer å dokumentera betre at dette er det mest aktive stølsområde i landet og kva som kjenneteiknar bruken av området. Dei ynskjer å utarbeide digitale basar over stølane og drifta på stølane. Dette skal kombinerast med det digitale kartet for kommunen. Ut frå databasane vil det kunne hentast opplysningar og temakart for å vise ressursar på ulike nivå; for kvar støl, stølslag opp til heile kommunen. Dette vil vera nødvendig verktøy for kvar ein bør setja i verk tiltak og for å vurdere effekt av tiltaka.

2. Næringsutvikling, fem prosjekt – søknadsbeløp kr 95.000

Produktutvikling med utgangspunkt i stølane vil for mange vera knytt til reiseliv, aktivitetar, opplevingar og tilbod om overnatting og servering. Fyrst gjeld det å finne dei aktuelle aktørane som ynskjer å utvikle ei attåttnæring på stølen i tillegg til tradisjonell stølsdrift. Dei som vil satse på grøn omsorg vil få tilbod om kurs gjennom prosjektet. Dei som vil satse på andre tiltak, vil og få oppfølging gjennom prosjektet. Søknad om støtte til næringsutvikling er delt opp i fem underprosjekt; mjølkeforedling på stølen, grøn omsorg, grøn turisme, fisking og hundekjøring.

3. Ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap – søknadsbeløp kr 30.000

Sjølv om fjellet her er tettpakka med kulturminne pga jernvinne og tidleg busetnad, er det likevel ikkje gjort mykje innan registrering av kulturminne og kulturlandskap på stølsлага i Vestre Slidre. Registrering vil bli gjort i samarbeid mellom kulturminnestyresmaktene, stølsbrukarane og skulen. Det vil bli utarbeidd kulturhistoriske kart over stølsлага og kombinert med merking i felt. Dette vil vera grunnlag for gjenkjøp og slik danne betre grunnlag for dei som satsar på ny næringsutvikling. Saman med enkle landskapsanalysar vil karta også vera grunnlag for ryddetiltak og beitetiltak.

Stølsbruket i Vestre Slidre er det mest aktive og intakte i landet. Kommunen og fjellstyret vil bruke eit treårig områdetiltak å sikre stølsdrifta. Det vil bli oppretta ei full stilling som prosjektleiar frå ca 1.januar. Prosjektleiar vil få kontor plass på landbrukskontoret. Kostnadane for drift av prosjektet blir i hovudsak dekkja av kommunen og fjellstyret.

Stølane har i mange hundre år vore svært viktige for landbruket i Slidrebygdene og kulturlandskapet i fjellet ber sterkt preg av dette. Landbruket i Vestre Slidre har den mest aktive stølsbruken i heile landet, over 95 % av mjølkebruka tek buskapen til fjells om sommaren. Nedgangen i landbruket trugar no dette landskapet og den livsforma som har skapt stølslandskapet vi kjenner i dag. Det gamle kulturlandskapet med levande tradisjonar og stort biologisk mangfald er Valdres-landbruket sitt viktigaste bidrag til sorsamfunnet.

Skal vi redde stølsdrifta i Vestre Slidre, må vi jobbe både heime og på støle – med tilbod til dei 91 mjølkebruka og alle andre som ynskjer å bruke stølane aktivt. Prosjektet vil få ansvar for mobiliseringsarbeid i lag med stølsbrukarane, arbeid med beitebruksplan, SMIL-midlar og andre utviklingsprosjekt, BU-søknadar er naturlege oppgåver i denne samanheng. Tiltaka det blir søkt om er viktige verkemiddel for å nå målet med prosjektet.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Områdetiltaket "Heime og på støle" er svært viktig for å halde oppe stølsdrifta og for å utvikle næringer knytt til stølane. Fjellstyret tilrår at områdetiltaket får tilskot frå grunneigarfondet

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.1.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Områdetiltaket "Heime og på støle" v/Hanne Lykkja